



ROGALAND FYLKESKOMMUNE
OPPLÆRINGSAVDELINGEN
Postboks 130 Sentrum
4001 STAVANGER
Att. Torbjørn Haavardsholm

Kontakt saksbehandlar

Birgit Sundbø Hagalid, 51568891

Løyve til utsetting av hybridlerk på 7/1 i Klepp kommune

Me visar til søknad av 19. januar 2021 om løyve til utsetting av hybridlerk (*Larix ×marschlinsii* Coaz).

Vedtak

Statsforvaltaren gir Øksnevad videregående skole løyve til å plante 1800 hybridlerk til skogproduksjon på eit område på 7 dekar på eigedom 7/1 i Klepp kommune. Området er merka av på kart vedlagt søknaden og vedtaket.

Løyvet er gitt med heimel i forskrift om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål og er gyldig til 31.12.2026. Dersom tiltaket ikkje er gjennomført innan denne datoen vert løyvet automatisk trekt tilbake. Det er mogleg å søke om utsett frist.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Søkar pliktar å avgrensa spreieing av hybridlerk frå plantefeltet. Spreieing innanfor eigen eigedom må fjernast av søkar. Ved spreieing til andre eigedommar må søkar om mogleg hente inn samtykke frå grunneigar og deretter fjerne etablerte planter. Om eigar av annan eigedom ikkje gir samtykke til fjerning må spreieinga meldast til Statsforvaltaren.
- Bestandet skal seinast hoggast ved biologisk hogstmoden alder.
- Det skal ikkje settast att livsløpstre eller frøtre ved hogst av bestandet¹.
- Skogeigar skal gjennom internkontroll etablere rutinar for å sikre at avvik frå forskrifta eller vilkåra i dette brevet ikkje skjer². Dokumentasjon på internkontroll skal leggjast fram på førespurnad.
- Plantinga kan tidlegast utførast ei veke etter klagefristen er ute og etter at ein eventuell klage er ferdig handsama.
- Ved overdraging av eigedomen må ny grunneigar gjerast kjend med dette løyvet og vilkåra som er sett³.

¹ Forskrift om utsetting av utanlandske treslag § 8

² Forskrift om utsetting av utanlandske treslag § 10

³ Forskrift om utsetting av utanlandske treslag § 9



Klage

Skogeigar kan klaga på vedtaket innan 3 veker etter å ha motteke dette brevet, jf. forvaltningslova sine reglar. Ein klage skal sendast til Statsforvaltaren i Rogaland. Dersom Statsforvaltaren ikkje gjer om eige vedtak, skal klagen handsamast av Miljødirektoratet.

Kontroll

Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet fører tilsyn med at utsetting av utanlandske treslag skjer i samsvar med bestemmingane i forskrifta inkludert område utsett for eventuell spreiring.

Bakgrunn

Rogaland Fylkeskommune ved opplæringsavdelinga ved Øksnevad videregående skole søker om å plante 1800 hybridlerk på et område på 7 dekar på eigedom 7/1 i Klepp kommune. Føremålet med plantinga er skogproduksjon. Søkar ynskjer å drive eit aktivt skogbruk for undervisningsføremål, men vektlegg at skogen samtidig må vere økonomisk drivverdig. Erfaringa til skogeigar er at norsk gran ikkje er klimatisk tilpassa området, og at vitaliteten synk når tilveksten skal vere som styrst. Det omsøkte området grensar til eit plantefelt på 24 dekar der det blei gitt løyve til planting av hybridlerk i 2018. Skogeigar søker å etablere gode internrutinar for å hindre spreiring til tilgrensande areal ved å innlemme tiltak i skulen sin skjøtselsplan som er meint å reviderast i framtida. Søkar har oversendt dagens rutinar for overvaking av eventuell spreiring på eigedommen og naboeigedommar.

Søkar har i to omgangar tidlegare søkt løyve til planting av utanlandske treslag i skogteigen (Sørskogen). Søkar fekk løyve til planting av 16 dekar med sitkagran av Statsforvaltaren i 2014 (vår ref. 14/10612). Løyvet blei omgjort av Miljødirektoratet etter klagebehandling i 2015 (Mdir. ref. 15/1351). I den endelege avgjerda la Miljødirektoratet vekt på risiko for spreiring til naturreservat og opne naturtypar. I 2018 fekk søkar løyve til planting av hybridlerk på 24 dekar (vår ref. 18/20). Søkar opplyser at feltet som fekk løyve er planta med hybridlerk som har etablert seg godt. Plantefeltet frå 2018 grensar til området som er søkt planta til i gjeldande søknad (figur 1). I saksbehandlinga av den førre saken blei Fremmedartslista frå 2012 lagt til grunn. I etterkant er denne revidert, og hybridlerk er omklassifisert frå «låg risiko» til «høg risiko».

Heimel

Utsetjing av utanlandske treslag krev godkjenning frå Statsforvaltaren i samsvar med forskrift om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål. Forskrifta er heimla i naturmangfaldlova § 28, § 30 og § 31. Føremålet med forskrifta er å hindre at planting av utanlandske treslag gir uheldige konsekvensar for naturmangfaldet, jf. § 1 i naturmangfaldlova.

Jamfør § 7 i forskrifta er det ikkje heimel til å gi løyve om det er grunn til å tru at plantinga medfører vesentlege uheldige følger for biologisk mangfald. Under behandlinga av søknaden hentar me difor inn informasjon om naturverdiar på plantefeltet og i området rundt, og vurderer kva følger plantinga kan ha for det biologiske mangfaldet.

Alle offentlege vedtak som kan ha verknader for naturmangfaldet skal vurderast etter naturmangfaldlova §§ 8-12. I tillegg vurderer me andre viktige samfunnsinteresser, jf. § 14.



Kunnskapsgrunnlag

Om kunnskapsgrunnlaget (nml 8)

Me finn god kunnskap om naturmangfaldet på arealet som er søkt planta og områda rundt, og god kunnskap om det omsøkte treslaget. I vår vurdering har me nytta opplysningar frå Naturbasen, Temakart Rogaland, Artskart, Artsdatabanken si Fremmedartsliste 2018 og kunnskap frå to tidlegare sakar om utplanting av utanlandske treslag på eit areal som grensar til arealet som er søkt planta no. I tillegg har me vurdert anna vitskapeleg litteratur om treslaget og innhenta ekstra opplysningar frå søkar via telefon. Naturtypekartlegginga i Naturbasen innanfor to km frå plantefeltet er i hovudsak frå 2014. Statsforvaltaren vurderer at det er god vitskapeleg og erfaringsbasert kunnskap i denne saka, jamfør nml § 8.

Om hybridlerk

Hybridlerk er ein kryssing mellom europalerk (*L. decidua*) og japanlerk (*L. kaempferi*)⁴. Arten blei teke i bruk på Vestlandet rundt 1930 og det er planta 8-10 km² med hybridlerk på Sørvestlandet. Hybridlerk er den mest nytta lerkearten i Sør-Noreg. I Artsdatabanken si «Fremmedartslista 2018» er hybridlerk vurdert i saman med japanlerk då dei er vanskeleg å skilje frå kvarandre. Artsdatabanken vurderer hybridlerk til «høg risiko» med moderat invasjonspotensiale og middels økologisk effekt. Arten er lyskrevjande og har lokalt spreidd seg til opne areal i nærleiken av eksisterande bestand.

I Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet sin rapport M-1378 er kunnskap om europalerk lagt fram i saman med andre artar av lerk⁵. Rapporten seier at lerkeartane har liknande økologiske eigenskapar som furu men slepp meir lys ned på bakken, er betre til å konkurrera mot anna vegetasjon og har høgare produksjon. Lerka feller nålene om hausten og nålene har vist å ha ein jordforbetrande effekt som motverkar danning av råhumus og forsuring. Lerk er lyskrevjande og kan i liten grad etablere seg i skog og på andre skuggefulle veksestader. Spreiinga kan bli omfattande om dei naturgitte forholda er til stades. Opne areal opp mot fjellet er mest utsett for spreieing.

Lerkeartane slepp frøa frå konglene i perioden september-mars med årlege variasjonar innanfor dette intervallet knytt til variasjon i nedbør og temperatur. DN-utgreiing 8-2012 legg fram at lerka har lette frø som spreier seg med vinden⁶. Det er ikkje oppgitt kor langt frå eldre bestand ein har registrert forynging av hybridlerk, men tilsvarande grense for japanlerk er 80 meter, og europalerk 30 meter. Estimert spreieingsdistanse av frø av japanlerk er opp til 2422 meter ved vindhastigheit på 10 m/s, og 4844 meter ved 20 m/s. Tilsvarande er 838 meter og 1676 meter for europalerk.

Det er gjennomført fleire undersøkingar av spreieing av utanlandske bartre i Rogaland^{7,8}. Rapportane viser at forynginga av lerk er konsentrert inntil 200 meter frå morbestandet og ofte er glissen. På enkelte av stadene registrerte dei spreieing over større avstand, opp til 300 meter. På mark med lite vegetasjon og open mineraljord blei det enkelte stader registrert tett forynging.


⁴ <https://www.artsdatabanken.no/Fremmedarter/2018/N/1745>

⁵ Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet. Utredning av forbud mot utsetting av utenlandske treslag til skogbruksformål. Rapport M-1278. 2019

⁶ Sandvik mfl. 2012 Kunnskapsstatus for spredning og effekter av fremmede bartrær på biologisk mangfold, DN Utredning 8

⁷ Appelgren, L., 2017. Kartlegging av kortdistansespredning av fremmede bartrær i Rogaland 2018. Ecofact rapport 644.

⁸ Appelgren, L. & Torvik, S.E. 2017. Kartlegging av kortdistansespredning av fremmede bartrær i Rogaland og Hordaland. Ecofact rapport 607



Figur 1: Kart over feltet som er søkt planta til (blått) og registrerte naturverdiar innanfor 2 km radius. Område med løyve frå 2018 til å plante hybridlerk (skravert lys grøen), Øksnevadtjønn og Lonavatn naturreservat (skravert raud over mørk grøen), naturtypene Andamarkene, Engjelsvåg og Helleberget (mørk grøen), og naturtypene Knappholmsmyra, Haugane og Rogaland Radio S (brun). Naturtyper klassifisert som lokalt viktige (grå). Målestokk 1:15 000. Kjelde: Temakart-Rogaland.



Om utplantingsstaden

På området som er søkt planta står det i dag blandingsskog med gran (*Picea abies*), sitkagran (*Picea sitchensis*), vrifuru (*Pinus contorta*) og lauvtre. Flyfoto viser at arealet blei skogreist omkring 1930. Før den tid blei det truleg nytta som beite, ut frå gjerda. Delar av feltet er avverka tidlegare og der står det no lauv. Søkar oppgjer at dei i nyare tid har avverka meir av feltet grunna stormfelling og toppbrekk. Resten blir avverka i fortløpande gjennom skulen sitt undervisningsopplegg. Boniteten er oppgitt til å vere middels til god (kilden.nibibo.no, SR16). Det finst ikkje skogbruksplan på eigedommen. Lausmassekart visar at grunnen består av morenemateriale som er usamanhengande eller opptrer som eit tynt dekke over berggrunnen (Temakart Rogaland). Berggrunnen er oppgitt til å vere gneis som er ein bergart som avgjer lite plantenæringsstoff. Det er enkel tilgang til arealet via landbruksveg.

Det er ikkje registrert norske ansvarsartar eller truga artar på området som skal plantast til. Det har ikkje kome fram opplysningar som kan tyde på at det finst andre artar eller naturtypar som det er eit ansvar for å ta vare på, jamfør forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5, på sjølve utsettingsområdet.

Om området rundt

Plantefeltet ligg i eit område sterkt prega av jordbruksaktivitet, infrastruktur og bebyggelse med innslag av mindre skogreiste område. Området er flatt, ligg i relativ nærleik til Jærkysten og kan vere utsett for vind. Søkar opplyser at vinden primært kjem frå sør-aust og sekundært frå nord-vest, jamfør Vindrose-oversikten frå vindmølleparken på Høg-Jæren.

Innanfor ein radius på 200 meter finn ein skogområde, innmarksbeite, fulldyrka jord og ei massefylling som skal plantast til i framtida (figur 1). Det er fleire mindre plantingar og leplantingar med sitkagran i området. Jordbruksareala er i aktiv drift og bruk. Plantefeltet ligg i austre kant av eit skogområde på omkring 330 dekar eigd av søkar. Aktivt skogbruk og skogskjøtsel av ulike treslag inngår i skulen sin undervisningsplan, og teigen har bestand med gran, sitkagran, lerkeartar, vrifuru, buskfuru (*Pinus mugo ssp.*) bjørk, lauvblanding, eik og bøk (planting i næraste framtid). Som ein del av undervisninga går skulen gjennom eigne beiteområde og fjernar oppslag av utanlandske treslag. Søkar har ikkje observert spreiding til andre nærliggande eigedommar og vil å så fall ta kontakt med grunneigar for å fjerne denne.

Det er fleire viktige naturverdiar innanfor ein radius på to km frå plantefeltet (figur 1). Øksnevadtjønn naturreservat og Lonavatn naturreservat består begge av naturtypen rik kulturlandskapssjø klassifisert som svært viktig (A-verdi). Føremålet med vernet er å ta vare på våtmarksområde med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv, og dei er viktige hekkeområde for våtmarksfugl. Innslag av framande artar vil kunne påverke økosystemet og den etablerte næringskjeda. Det er henholdsvis 700 og 1300 meter mellom plantefeltet og naturreservata, og mellom dei finn ein primært jordbruksareal og bebyggelse. Statsforvaltaren ved miljøvernavingdelinga var på synfaring i dei to naturreservata i april 2021. Det blei observert oppslag av sitkagran i kantsona i den nordre delen av Lonavatn og den vestre delen av Øksnevadtjønn.

Av naturtypar kartlagt etter DN-Håndbok 13 finn ein tre lokalitetar klassifisert som svært viktig i 2014 (A-verdi); Andamarkene (naturbeitemark, avstand 700 m), Engjelsvåg (kulturlandskapssjø, avstand 1300 m) og Helleberget (edellauvskog, avstand 1800 m). Andamarkene er eit 57 daa stort område med innslag av kystlynghei (EN) og fuktheier, som går over i rik beiteeng. Denne enga har mellom anna ein stor populasjon av den raudlista planten nikkebrønslé (VU), og fleire av artane indikerer rikare markslag på staden. Den er aktivt skjotta og avhengig av å bli halde open. Den er sårbar for innslag av framande artar som kan føre til attgroing. Ut over dette finst tre naturtypelokalitetar



klassifisert som viktige (B-verdi); Knappholsmyra (oseanisk nedbørsmyr (VU), avstand 1000 m), Haugane (bjørkeskog med høgstauder, avstand 1300 m) og Rogaland radio S (naturbeitemark, avstand 1900 m).

Innanfor ein radius på to km frå plantefeltet er det gjort registrering av truga artar, deriblant åkerrikse (CR, 8 observasjonar). I tillegg er det registrert 10 sterkt truga artar (EN), 22 sårbare artar (VU). Dei fleste av artane er fugleartar. Det er noko uvisst korleis eventuell spreiding av lerk vil påverke fuglefaunaen. Fuglar knytt til opent kulturlandskap kan bli negativt påverka om landskapet endrar seg, og etablering av lerk kan bidra til dette. Dette gjeld spesielt dei artane som hekker og beiter på bakken, til dømes åkerrikse (CR).

Samla belastning (nml § 10)

Hybridlerk kan spreie seg langt og kan påverke nærliggande naturverdiar negativt dersom frøa etablere seg. Det er særleg kantsoner knytt til dei rike kulturmarksjøane (Lonavatn og Øksnevadtjønn naturreservat) og naturbeitet 700 m unna (Andamarkane) som kan bli påverka av spreiding frå plantefeltet. Ut over desse områda er areala rundt plantefeltet stort sett dyrka mark og beitemark i god hevd med få sjansar for etablering frå det omsøkte plantefeltet per i dag.

Plantefeltet ligg i eit område med mange førekomstar av treslag i form av mellom anna sitkagran, lerk, vrifuru og buskfuru. Det er til dels stor avstand frå plantefeltet til naturverdiane (min. 700 meter) og feltet er av relativt liten størrelse (7 dekar). Planting vil slik sett ikkje bidra til at frøpresset og den samla belastninga på naturverdiane aukar monaleg.

Andre viktige samfunnsinteresser (nml § 14)

Driftsforhold og bonitet tilseier at arealet som er søkt planta eignar seg til skogproduksjon. Feltet grensar til eit areal som allereie er planta med hybridlerk og ei utviding vil kunne styrke denne investeringa og økonomien knytt til skjøtsel og hogst av bestandet. Søkar oppgjer at vurdering av hybridlerk som eigna treslag er gjort i samråd med tidlegare skogbrukssjef i området. Søkar har fleire felt med lerk på eigedommen, i alder 2-25 år, og opplyser at dei er av god vitalitet. Boniteten er oppgitt til middels til god med berggrunnen er av næringsfattig gneis med lausmasser av morenemateriale som kan drenere godt. Lerk trivst og klarar betre å utnytte vekstpotensialet enn furu og gran på midlare bonitetar. Å plante lerk kan difor vere eit godt val kontra å plante furu og gran på dette feltet men omsyn til produksjon og økonomi.

Hybridlerk kan gi tømmer av god kvalitet, og tømmerproduksjon kan gi både god verdiskaping, karbonbinding på areala og tilgong på råstoff i framtida. For skulen, som har skogbruk som ein del av sin undervisning og drift, er det positivt med ulike treslag i produksjonen.

Lerkeartar gir eit meir opent skogbilde enn produksjonsskog med gran. Søkar opplyser at den ståande skogen rundt ber preg av å vere tilhaldsplass for rådyr og hare, og blir nytta for skjul og opphald av fuglar i kulturlandskapet. Skogområdet er nytta som friluftslivområde av lokalbefolkninga og gir variasjon i landskapet på Jæren der det er få skogområde av størrelse med betydning.



Stasforvaltaren si vurdering

Me vurderar at me har tilstrekkeleg kunnskap om treslaget og naturmangfaldet i området til å gjere eit vedtak, jf. nml § 8. Lerk vurderer me som eit eigna treslag og plantinga vil bidra til å styrke det eksisterande bestandet som fekk løyve i 2018. I ettertid er hybridlerk klassifisert med «høg risiko» i Fremmedartslista, og det er avgjerande om ytterlegare planting gir risiko for kort- og langdistansespreiing som kan medføre uheldige følger for naturmangfaldet.

Rundt plantefeltet er det hovudsakeleg landbruksareal med jord- og skogbruk. Jordbruksareala er halde i hevd og i aktiv drift. Lerk klarer i mindre grad å etablere seg i skog og skuggefulle stader. Me vurderer difor at risikoen for og belastninga frå eventuell kortdistansespreiing til jord- og skogbruksareala.

Det finst allereie utanlandske treslag i Øksnevadtjønn og Lonavatn naturreservat, og me kan ikkje utelukke at også lerkefrø kan spreie seg dit. Naturtypen Andamarkene er i god hevd og er aktivt skjøtta. Langdistansespreiing av frø med vinden er mogleg til alle dei tre lokalitetane.

Samtidig er det andre plantingar av utanlandske treslag i området, og arealet som er søkt planta er lite og utgjør ei lita endring i frøpresset. Me kan ikkje sjå at den samla belastninga på naturverdiane aukar monaleg som følge av plantinga. Mellom plantefeltet og naturverdiane er det aktivt skjøtta jord- og skogbruksareal som fungerer som barriere for spreining. Om skjøtsel av naturtypane opphøyrer i framtida vurderer me at plantefeltet ikkje vil vere avgjerande for ei eventuell forringing. Me meiner difor at det er liten til moderat risiko for at spreining av frø frå plantefeltet vil føre til etablerte planter av lerk som kan skade naturmangfaldet.

Søkar har fått løyve til planting tidlegare og bør vere godt kjend med regelverket og krav sett i forskrifta for å hindre og fjerne spreining. Me legg til grunn at Øksnevad vgs, som samfunnsaktør og opplæringsinstitusjon, er sitt ansvar bevisst og legg til rette for å ivareta naturmangfaldet i nærområdet. Ved eit løyve blir det sett vilkår for å hindre eventuelle negative verknadar på naturmangfaldet, deriblant fjerning av eventuelt etablerte planter utanfor plantefeltet. Dette er allereie eit kjende tiltak for søkar og er med på å sikre at plantinga ikkje bidreg til forringing av naturverdiar sjølv om skjøtselen av desse og omkringliggende areal endrar seg over tid.

I ei samla vurdering meiner me at eigenskapane til treslaget, størrelsen på feltet, tilstanden og skjøtsel av omkringliggende areal og naturverdiar gjer at planting av lerk på gjeldande areal utgjør liten til moderat risiko for uheldige følger for naturverdiane.

Forvaltningstiltak

Skulen som samfunnsaktør har moglegheit til å ta ei spesiell rolle for å hindre spreining og fjerne framande artar som utgjør ein fare for naturmangfaldet i nærområdet. Dette kan også vere ein del av undervisningsopplegget. Skulen bør føre oppsyn med spreining av utanlandske treslag frå alle sine bestandar, i sær inn til naturreservata som grensar til eit av skulen sine skogområde. Me oppmodar om å ta omsyn til dette når skulen skal revidere skjøtelsesplanen i framtida.

Forskrifta krev at den som er ansvarleg for utsettinga skal opptre aktsamt og treffe



tiltak for å hindre spreiding av utanlandske treslag⁹. Det er tiltakshavar som må dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet¹⁰. Dette omfattar tilsyn og fjerning av tre som eventuelt har spreidd seg ut frå plantefelta. Naturmangfaldlova krev også at ein nyttar seg av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar¹¹. Dette inneberer at plantinga skal skje på ein slik måte at naturen ikkje tar unødvendig skade.

Me vil minne om at det er skogeigaren sitt ansvar å sjå til at alle tiltak i skogen blir gjennomført i samsvar med lov og forskrift, jamfør skogbrukslova § 4. Anna viktig lovverk og føringar for skogproduksjon er skogbruksloven, forskrift om berekraftig skogbruk, kulturminnelova, og vassressurslova § 11 om kantsoner og forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. I dei fleste tilfelle vil også kravpunkta i Norsk PEFC Skogstandard 2015 ver

Kopi av vedtaket er sendt til kommunen som lokal skogbruksmyndigheit.

Med helsing

Anfinn Rosnes
fungerande landbruksdirektør

Birgit Sundbø Hagalid
Rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

- 1 Vedlegg - Kart omsøkt område

Kopi til:

Klepp kommune Postboks 25 4358 Kleppe

⁹ Forskrift om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål §8-10

¹⁰ Naturmangfoldloven § 11

¹¹ Naturmangfoldloven § 12